



# Informasjon til deg som ønsker å bli frivillig gjennom Kinn kommune

Takk for at du ønsker å bli frivillig!

Helse og velferd er ei stor teneste i kommunen som mellom anna tilbyr tenester til både heimebuand, institusjons- og bufelleskap-bebuarar.

Kommunen har no starta opp eit nytt tilbod i regi av satsinga «Leve hele livet» som heiter «få besøk», kor vi ønsker at innbyggjarar over 55 år kan få tilbodet om å få besøk av ein frivillig.

## **Kva betyr «få besøk»?**

«Få besøk» kan gjerast på to måtar: ein kan besøke ein *person* (ein til ein-kontakt) eller ein *institusjon/bufelleskap*.

### Ein til ein:

Her er det opp til den som ynskjer å «få besøk» kva ein skal gjere. Ein kan til dømes: gå tur eller dra på ei utflukt, gå på ope hus-aktivitetar saman, ete ilag, gå på kino, gå på kafé, lese, skrive og syngje saman eller gå på eit arrangement.

Oppgåver ein ikkje skal ta på seg er:

husarbeid/vask eller oppgåver som inneber belastning. Har du spørsmål rundt dette, kontakt samfunnskoordinator i helse (sjå kontaktinformasjon under).

### Frivillig på institusjon/bufelleskap:

Her kan ein være saman med ein eller fleire bebuarar (alt etter kva ein ønsker, kva behovet er og kva som er situasjonen med Covid-19). Det er kulturkoordinator som følger opp dei som ønsker å være frivillig i éin-til-éin-kontakt.

Aktivitetar på institusjon kan til dømes være:

syngje saman, høgtlesing, tur, dans/sittedans eller andre ting ein kjenner seg komfortabel med som frivillig.



## Rutinane for å «få besøk» og «bli frivillig» i éin-til-éin-kontakt

1. Søknad:  
Person eller pårørende søker om å «få besøk» eller «bli frivillig»
2. Intervju:  
Frivillig og den som ønsker å få besøk bli intervjuet av enten samfunnskoordinator i kommunen eller Frivilligsentralen
3. Kopling:  
Koordinator vil saman med frivilligsentralen sette saman og kople ein som ønsker besøk med ein frivillig
4. Første møte:  
Første møte mellom frivillig og den som vil ha besøk gjerast ilag med samfunnskoordinator i kommunen. Her skriv ein under diverse dokument og utvekslar kontaktinformasjon. I nokre tilfelle vil første møte være saman med pårørende / primærkontakt.
5. Oppfølging:  
Ein blir følgt opp av samfunnskoordinator i avd. helse og velferd, Kinn kommune

### Kva institusjonar og bufellesskap kan ein være frivillig på?

Florø omsorgssenter, Furuhaugane omsorgssenter, Markegata 55 (døgnbemanna bufellesskap og avlastning), Eikefjord eller Kulatoppen bu- og omsorgssenter.

### Kor ofte må ein være frivillig?

Ein knytt seg ikkje opp til noko bindande som frivillig, men ein bør gjere ein avtale med institusjonen eller den som ønsker å «få besøk» om kor ofte ein skal møtes. Dette kan til dømes være ein gong i veka eller annan kvar veke, ca. ein time per gong.

Når begge partar møtes avtalar ein neste treff med sted og tid. Viss ein ikkje kan møte likevel er det viktig at den andre parten får beskjed.

### Kor lengre må ein være frivillig?

Ein byrjar å «jobbe» som frivillig frå den dagen ein treff den som ynskjer å «få besøk» eller stiller opp ved ein institusjon. Frå denne dagen vil ein være frivillig i seks veker. Vi kallar det ei *prøvetid*, slik at ein kan kjenne på korleis det er. Etter ca. seks vekers prøvetid blir ein kontakta av samfunnskoordinator for å vurdere om ein ynskjer å gå vidare med det frivillige arbeidet.



### **Utlegg, betalningar og kjøregodtgjørelse**

Ein skal ikkje ha nokre kostnader knytt til jobben som frivillig. Eventuelle kafebesøk med mat/drikke, kinobilletter eller liknande skal betalast av den andre parten.

Ved utlegg og bruk av eigen bil, kontakt samfunnskoordinator for informasjon om refusjon og kjøregodtgjøring.

### **Som frivillig gjennom Kinn kommune får du:**

#### **1. Forsikring:**

Forsikringa trer i kraft frå den datoen ein skriv under teiepliktskjema. Forsikringa varar fram til ein seier opp sitt ønske om å være frivillig.

#### **2. Tilbod om kurs:**

Som frivillig gjennom kommunen vil ein få tilbod om å være med på kurs for frivillige. Hensikta med kurset er å gje ein forståing for rolla som frivillig på aktivitetar med menneskje i sårbare livssituasjonar. Kurset er ikkje eit krav for å kunne være frivillig i Kinn kommune. Ein vil bli kontakta når kursa går i gang. For meir informasjon kring dette, følg med på frivilligsentralen si heimeside.

#### **3. Årleg treff:**

Ein gong i året inviterer kommunen til eit hyggeleg treff. Her vil ein får servert god mat og drikke, samt få moglegheita til å treffe andre frivillige.

#### **4. Rettleiing og oppfølging:**

Kontinuerleg rettleiing og oppfølging med din kontaktperson i Kinn kommune. Nøt ikkje med å ta kontakt dersom du har spørsmål knytt til di rolle som frivillig.

### **Korleis avsluttar ein det frivillige arbeidet?**

Ynskjer ein å avslutte det frivillige arbeidet, kontaktar ein samfunnskoordinator

### **For meir informasjon om LEV VEL, fellesskap og kulturtilbod i Kinn kommune:**

[www.kinn.kommune.no/lhl](http://www.kinn.kommune.no/lhl)

[www.facebook.com/levvelfloro](https://www.facebook.com/levvelfloro)

[www.facebook.com/levvelmaloy](https://www.facebook.com/levvelmaloy)

### **Din kontaktperson i Kinn kommune:**

Martine Bortheim, samfunnskoordinator – avd. helse og velferd, Kinn kommune

Tlf.: 979 918 02

E-post: [martine.bortheim@kinn.kommune.no](mailto:martine.bortheim@kinn.kommune.no)

---

*Takk for at du er med å gjere ein forskjell!*

